

Til Ordfører


Herøy Høgre, Herøy FRP og Herøy KRF ber med dette om at saka om Fosnavåg hamn vert handsama på nytt!

- Vesentlege saksopplysningar manglar for å kunne gjere eit forsvarleg vedtak i saka, for eksempel referat frå forhandlingsmøta med Fosnavåg Pelagic og Herøy Båtlag med fleire, der det kjem fram vesentlege økonomiske endringar i saka til fordel for Herøy kommune.
- Feil i møteleiinga då både kommunedirektør og kommuneadvokat får lange innlegg med mykje ny informasjon etter gruppemøte. God skikk er at all relevant informasjon skal fram før debatten startar.
- Det var også med vantru vi politikarane opplevde at Kommuneadvokaten fekk taletid for å fremje eit partsinnlegg i saka. Dette er ikkje i samsvar med god praksis; *Kommuneadvokaten har to hovudoppgåver. Det er å føre rettsaker for Herøy kommune og å vere rådgivar i rettslege spørsmål til administrative og politiske organ, samt kommunen sine føretak, selskap og stiftingar.*
- Det har kome innspel om nye inntektskjelder/tilskotsordningar som for eksempel søknad til Miljødirektoratet og rentestøtte frå Fylkeskommunen. Støtta frå miljødirektoratet som ligg i saka tok utgangspunkt med 0,- i eigenkapital frå kommunen. Sjå eigen tilskotsordning hjå Miljødirektoratet med søknadsfrist 15.oktober 2020. Dette kan vi ikkje sjå at det er søkt om.
- Viser til kommunelova § 11-2 c) som seier at 1/3 av kommunestyre sine representantar kan krevje eit nytt kommunestyre møte, og dessutan , etter §11-3, første lekken, siste setning, kreve å få satt en sak på dagsorden. Vi kjem her med totalt 19 representantar.

Dette har vidare skapt eit sterkt folkeleg engasjement, og gitt mange underskrifter. (Lista vert overlevert til Kommunen ilag med dette skrivet). Vi ber derfor om at saka om Fosnavåg hamn vert handsama på nytt då vi meiner at saka vart avgjort på sviktande grunnlag. Vi ber derfor om eit ekstraordinært kommunestyremøte snarast råd.

Herøy Høgre, Herøy FRP og Herøy KRF,

Fosnavåg den 09.09.2020

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr.	Saksbeh.
- 9 SEPT. 2020	
Ark.kode P	
Ark.kode S	
J.nr.	Dok.nr.
Kassasjon	